



'Länge leve livet'

Laurdag vart det feira ein 50-årsdag på svært utradisjonelt vis på Stord og blant dei 4 kora som deltok var også uskedalskoret Røysterett for alle. Det var korets ustoppelige dirigent Maria Malmsten og mannen Einar Steinkopf som hadde slege sammen bursdagane sine til ei fargerik og mangfaldig festframsyning. Den vart gjennomført to gonger i Stord Kulturhus og var kalla Länge leve livet.

.

Alle inntektene gjekk uavkorta til Kolibriprosjektet som jobbar for gateborna i Brasil og dei to jubilentene grunnga det med denne setningen: - Vi har nok og ville gje noko attende!

Feiringa var mykje meir enn artistopptreden, det var også utstillingar, ullprodukt, andrehandklede, spinning, styrkjetrening og kaffeservering.

Sjølve festframsyninga hadde 25 programpostar og opna med at dei 80 korsongarane song Långa leve livet.

Vidare var det mellom mykje anna, gitartriospel, dikt, fiolin, saxofon (Ole Jacob Hystad) dans til hardingfele, Trio vest, song av Åshild Røsland, slagverk, catwalk, Tugga Terrier, sjonglering og triksing, blues og afrodans. Tale var det også - ved Tutta Laukholm.

Røysterett for alle var med i felleskoret som song Bruremarsj til vidda av Maria. Bøn av Garborg/Malmsten og Vals på Musland som Maria har komponert og Svein Rimestad frå Uskedalen har sett tekst til vart også framført av dette koret.

'Feira med brask og bram' heiter det i oppslaga i lokalpressa. Sunnhordland melder at det var 500 på framsyningane og Maria trur det kom inn over 100 000 til det gode føremålet. Ho kan tenkje seg å ha eit liknande arrangement fleire gonger!

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen



Dei feira på utradisjonell vis!